

Ikkje topplag på vegen til Fjellandsbø i denne omgang.

19.11.2019



Det kjem ikkje topplag på vegen til Fjellandsbø i denne omgang.

Det kjem ikkje topplag på vegen frå Friheim til Fjellandsbø i denne omgang. Det stadfestar Per Inge Naterstad i Kvinnherad kommune. Så lenge det ikkje bur nokon fast på Fjellandsbø vert vegen sett i stand med eit forsterkingslag, grøftereins og utskifting av nokre stikkrenner. Forsterkingslaget er frest asfalt frå arbeidet med Opsongersvegen og som har vore mellomlagra på Børneset.

Verksemdleiar Sigbjørn Øye fortel til Uskedalen.no at status for den 1,3 km lange vegstrekninga vert, til liks med andre kommunale vegar, vurdert i ny samferdsleplan. Ei slik vurdering kan føra til at det vert lagt eit finare topplag på vegen. Til så lenge er målet at vegen skal vera køyrbar. Det er ikkje tenkt at vegen skal brøytast, så lenge det ikkje bur nokon på plassen.

Sigbjørn Øye fortel også at det ikkje er skrive avtale med grunneigarane om framtidig vedlikehald.

Ingvild Myklebust og Jone Rørheim, som driv det eine bruket på Fjellandsbø i dag, er godt nøgde med det som er gjort. Dei ser likevel fram til at det kjem eit topplag og at vegen vert brøytt på vinteren.

Det er forresten same forsterkingslaget som er lagt på Eikevegen, frå Padlane og fram til Steinsletto.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal